

**Fra:** Knut Inge Andersen (knia@equinor.com)

**Sendt:** 14.06.2020 12:00:31

**Til:** Politisk

**Kopi:** Jon Askeland; Rune Haugsdal; Haugland, Nils; Morten Klementsen (morten@klementsen.net)

**Emne:** Spørsmål til møte i Fylkesutvalet 18.6.2020 : Autopass på fylkesferjer og innføring av månadstak

**Vedlegg:**

Innføringa av Autopass på fylkesferjene i Sogn og Fjordane frå 1.6.2020 har medført at bilpendlarane har fått ein kraftig auke i reisekostnadene sine.

Frå den seinaste tida kjenner ein mellom anna til døme på dette frå Askvoll kommune.

Ferjependlarane har mange reiser på same strekning (gjerne 40 turar i månaden berre i samband med jobbreise) og er difor den gruppa der Autopass-innføringa har fått størst utslag.

Autopass er same teknologi som vert nytta til bompungeinnkrevjing. Det skulle difor ligge godt til rette for å kunne innføre eit månadstak på ferjepasseringar tilsvarande det ein har i bompengeringane.

Det er brei politisk semje om at månadstak i bompengeringar er naudsynt for å skjerme dei brukarane som har flest passeringar, i tillegg til at det gir ei sosial utjamnande effekt.

I tillegg til månadstaket har ein også til dømes timesregel som skal skjerme bilistane mot urimeleg høge kostnader.

Ei rekke parti og representantar i fylkestinget ser jamvel ferjebillettar som ei form for bompengar. Argumenta om behov for utjamning og skjerming burde uansett vere gyldige også for ferjependlarane.

**Spørsmål til fylkesordføraren:**

1. Er fylkesordføraren einig i at det gjennom innføring av Autopass på fylkesferjene i Vestland er blitt teknologisk mogeleg å etablere eit månadleg passeringstak på enkeltvise fylkesferjestrekningar i Vestland, tilsvarande det ein allereie har på bominnkrevjing?
2. Ser fylkesordføraren og fylkesrådmannen det som relevant og interessant å sjå på ulike konkrete modellar for dette, til dømes i samband med kommande sak om revisjon av Autopassordninga og soneinndeling på fylkesferjene?

Helsing

Knut Inge Andersen

fylkesutvalmedlem

Folkeaksjonen Nei til meir bompengar

90584170

---

The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorized use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.  
Thank you